

# Vestnes – midt i blinken!

Kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037

Revidert etter offentlig ettersyn | 17.02.2025







## Innhald

Føreord.....	1
Saman om utviklinga i Vestnes kommune.....	2
Vestnes mot 2050 .....	<a href="#">76</a>
Dette vil vi prioritere.....	<a href="#">114</a>
Gode kvardagsliv.....	<a href="#">134</a>
Verdiskaping og attraktivitet .....	<a href="#">174</a>
Klima, miljø og beredskap.....	<a href="#">22</a>
Kommunen som organisasjon .....	<a href="#">26</a>
Arealstrategi.....	<a href="#">28</a>

Føreord

## Sammen får vi det til

Det skal være godt å bo, leve og arbeide i Vestnes. Kommuneplanens samfunnsdel sier noe om hvordan vi ønsker at kommunen og lokalsamfunnet vårt skal utvikle seg i årene som kommer.

Vestnes kommune har mange kvaliteter vi kan være stolte av. Bare se deg rundt! Se på naturen, på fjellet, på skogen. Se på bedriftene. Se på kulturlandskapet. Se på folkene, på fellesskapet, på mangfoldet. Se på hverdagslivet, se på alt vi fyller det med. Ta pulsen! Det er lett å få øye på kvaliteter som vi må bygge videre på, og som vi alle bør bli enda flinkere til å løfte fram.

Som kommune skal vi ta tak i utfordringene våre og vi skal ruste oss godt for framtida. Livskraften ligger i å se mulighetene og støtte opp om initiativene.

Kommuneplanens samfunnsdel er langt fra altomfattende. Formålet med den er å peke ut noen mål som vi mener det er spesielt viktig å jobbe mot akkurat nå.

For å nå de målene vi har satt oss, og for å få til den utviklingen vi ønsker, er vi avhengige av at mange bidrar. For å skape nok kraft i utviklingsarbeidet må kommunen, næringslivet og frivilligheten spille på lag og trekke i samme retning. Da må vi ha respekt for hverandre, og snakke godt sammen. Dialog og samarbeid blir avgjørende for oss framover.

Vestnes er del av et attraktivt bo- og arbeidsmarked. Det er en styrke, og vi har alt å vinne på et godt samarbeid med nabokommunene våre. Det som er bra for naboen, er også bra for oss.

Vi får til mye i Vestnes, vi ønsker å få til enda mer, og vi får det til best om vi gjør det sammen!



*Hilsen*

*Randi Bergundhaugen*  
*Ordfører*





Foto: Eline Karlsdatter Flødseth

## Saman om utviklinga i Vestnes kommune

### Om kommuneplanen

Kommuneplanen legg grunnlaget for politiske og administrative val og prioriteringar. Det er i kommuneplanen den lokale, langsiktige politikken blir utforma. Den fortel korleis vi ønsker at kommunen skal utvikle seg på lang sikt og korleis vi skal jobbe for å nå måla.

Gjennom kommuneplanen gir kommunestyret ei tydeleg bestilling om korleis dei ønsker at administrasjonen skal arbeide dei neste fire åra. Ei politisk, tydeleg styring over tid vil bidra til at vi når måla våre for framtida. Ei slik tilnærming er berekraftig for økonomien, for sosiale forhold og for å bevare miljø og sikkerheit.

Planen inneheld også ein arealstrategi som skal leggast til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel og framtidige forslag om regulering og utbygging. Føringer i samfunnsdelen skal vidareførast i arealdelen.

## Om plansystemet og oppfølging av planen

Oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggest til grunn for kommunen si planlegging og verksemd. Kommuneplanen skal med andre ord vere grunnlaget for arbeidet med fagplanar og all saksbehandling.

Kommuneplanen er også førande for staten og regionale myndigheiter si verksemd i kommunen.

Planen har eit perspektiv på 12 år, men etter kvar valperiode blir behovet for revidering vurdert. Det nye kommunestyret har då moglegheit til å justere kursen. Dette blir avklart i kommunal planstrategi.

Kommuneplanen blir følgt opp gjennom kommuneplanen sin handlingsdel, som er økonomiplanen. Resultatet av oppfølginga av mål i kommuneplanen blir presentert i årsrapporten.



Figur 1 Korleis planar i kommunen heng saman og påverkar kvarandre. Illustrasjon: Vestnes kommune

### Om planarbeidet og medverknadsprosessen

I arbeidet med å definere samfunns mål for Vestnes kommune har vi lagt vekt på å involvere breitt. Dette har vi gjort ved å utfordre politikarar, næringsliv, innbyggjarar, organisasjonar og tilsette i kommunen til å komme med innspel til utviklinga av Vestnes-samfunnet. Medverknadsprosessen er lagt ut på kommunen sine heimesider under

[Ny kommuneplan - Vestnes kommune](#). Her kan du lese referat frå dialogen og innspela frå møta som er gjennomført. Etter innspelsrunden blei innspela strukturert og drøfta politisk.

Dei tilsette i Vestnes kommune har gitt konstruktive innspel til korleis kommunen som organisasjon skal utvikle og fornye seg framover.



Figur 2 Alle grupper som har delteke i medverknadsprosessen. Innbyggjarar generelt, råd og organisasjonar, grupper som krev tilrettelegging, næringslivet, tilsette og politikarane.  
Illustrasjon: Vestnes kommune





Foto: Vestnes kommune

### Saman om å nå måla

Dersom vi skal nå felles mål for framtida, er det viktig med forankring, deltaking og involvering frå innbyggerane.

Saman kan innbyggjarar, lag og organisasjonar, eldsjeler og næringsliv finne nye og betre løysingar. Gjennom ein open og inkluderande arbeidsprosess vil kommunen få nye idéar og kunnskap om utfordringar og moglegheiter i lokalsamfunnet.

Involvering og medverking i utviklinga av kommunen vil gi innbyggerane ei kjensle av stoltheit over Vestnes kommune. Eigarskap og stoltheit er også viktig for å rekruttere, behalde og få ungdom til å flytte tilbake.



Foto: Eline Karlsdatter Fladseth

## Vestnes mot 2050

### Utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter

Globale, nasjonale, regionale og lokale utfordringar heng saman og påverkar korleis Vestnes kommune må arbeide framover. Det er fire hovudutfordringar det er viktig at vi løyser i fellesskap dei neste åra.


- **Svak befolkningsutvikling:** Mange unge flyttar ut og det blir fødd færre born. Vi må arbeide for å snu utviklinga samstundes som vi førebur oss på at vi kanskje ikkje greier det.
- **Kamp om arbeidskrafta:** Omsorgsoppgåvene blir fleire, og behovet for arbeidskraft aukar også i privat sektor, men vi blir ikkje fleire i yrkesaktiv alder til å utføre dei.
- **Behov for omstilling:** Auka spenningar i verda, klima- og naturendringar og avtakande petroleumsaktivitet fører til endringar og forsterkar behovet for å bruke ressursane godt og riktig.
- **Framleis god fordeling:** Små forskjellar og stabil tilgang på velferdstenester i heile landet må bevarast i møte med omstillingane og ei aldrende befolkning.

Ifølge SSB vil folketalet krympe i 40 % av kommunane fram mot 2050. Byane vil vekse, medan det er liten eller ingen vekst i distrikta. Fram mot 2050 er det venta ein reduksjon i folketalet i Vestnes kommune samtidig som andelen eldre aukar. Dette er ei utvikling som vi må førebu oss på, men som vi samstundes må prøve å snu.

Endra alderssamansetting endrar behovet for tenester og drar opp utgiftene til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Samtidig vil skatteinntektene vekse saktare, fordi veksten i antal sysselsette flatar ut. Ser vi fram mot 2050, aukar utfordringane. Vi må lykkast på fleire område for å balansere statens og kommunens utgifter og inntekter: fleire må sysselsettast, eldre må stå lengre i arbeid, og vi må legge til rette for innovasjon og nyskaping.

Mange norske distriktskommunar prøvar å snu ei negativ befolkningsutvikling. Ifølge Demografiutvalet forutset det å lykkast at ein er klar med gode arealplanar som ikkje er til hinder for at ein raskt kan legge til rette for vekst i næringslivet og for tilflytting når det byr seg moglegheiter for det.

Hit er vi på veg:



Figur 3 Tal på personar i yrkesaktiv alder (20-66år) bak kvar pensjonist i Vestnes kommune. Kjelde: SSB Folketal tabell 07459 og Framskrive folkemengd hovudalternativet tabell 14288. Illustrasjon: Vestnes kommune

Skal vi lykkast med å snu utviklinga har vi ei rekke utfordringar vi må gjere noko med for å gjere det meir attraktivt å bu i Vestnes.

Vestnes kommune kjem dårleg ut på fleire levekårsindikatorar, som til dømes psykisk helse, trivsel og utanforskap blant dei unge. Resultata i grunnskulen er svakare enn snittet, og fråfallet i vidaregåande skule er høgt. Dette har konsekvensar for helse, tenestebehov og framtidig arbeidsdeltaking.

Det har blitt vanskelegare å skaffe seg bustad i Vestnes. Leigeprisane har gått opp og det er få ledige bustader. Det har også blitt mykje dyrare å kjøpe seg ein bustad fleire stader i kommunen.

Vi står midt i ei klima- og naturkrise, der klimaendringane viser seg i form av ekstremvær med ekstrem vind, ras og flaum. For å avgrense skadane krev det at vi alle arbeider for å redusere klimagassutslepp og tapet av natur.

Det er krig, både i Europa og Midtausten, og kamp om det geografiske og teknologiske hegemoniet mellom Kina, USA og Russland. Den geopolitiske situasjonen er meir usikker og utrygg enn på lenge. Krigar og klimaendringar vil føre til store folkevandringar. Vestnes har sidan 2022 tatt imot 330 flyktningar frå Ukraina. Det er uvisst kor lenge krigen vil vare, og vi må forvente å ta imot fleire. Arbeidet med å ta imot og integrere flyktningane er ei viktig oppgåve framover.

Digital transformasjon kan gi oss store moglegheiter til å løyse oppgåver meir effektivt og kunne redusere behovet for meir arbeidskraft i framtida. Samstundes er det også ein del utfordringar med den raske utviklinga. Kommunen må arbeide for å utnytte desse moglegheitene på ein offensiv, bevisst og kreativ måte.

Les meir om utfordringsbiletet her:


- [Perspektivmeldingen 2024 - Meld. St. 31 \(2023–2024\) – \(regjeringen.no\)](#)
- [Kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi \(PDF, 2 MB\) \(mrfylke.no\)](#)
- [Diskusjonsgrunnlag - Kommuneplanens samfunnsdel 2024-2036 \(vestnes.kommune.no\)](#)



## Planlegginga skal fremme berekraftig utvikling

FNs berekraftsmål ligg til grunn for planarbeidet. Berekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Måla gir oss ei ramme å jobbe ut ifrå. Dei bind det globale og det lokale saman og inspirerer til innsats og dialog på alle nivå, både tverrfagleg og tverrpolitisk.

Ein ny kommuneplan skal vere med på å ruste oss så godt som mogleg for å løyse utfordringar for framtida. Ved å legge berekraftsmåla til grunn for alle aspekta med den nye kommuneplanen, sørger vi for å ha gode føresetnader for å møte morgondagen.



Figur 4 Bryllupskakemodellen av berekraftsmåla. Kjelde: Hans Græsli - Azote for Stockholm Resilience Centre, Stockholm University CC BY-ND 3.0.





Foto: Eline Karlsdatter Fladseth

## Dette vil vi prioritere

### Visjon

Ein visjon kan definerast som eit bilete av ein framtidig, ønska tilstand. Vestnes kommune sin visjon er «Vestnes - midt i blinken!» Visjonen vår kan sjåast som ein faktisk geografisk fordel og i ein meir overført tyding:

- Den sentrale plasseringa i fylket gjer Vestnes til eit naturleg val både for busetting og nyetablering i næringslivet.
- Det er «midt i blinken» å etablere næring i kommunen. Vestnes kommune er ein aktiv medspelar overfor næringslivet.
- Det er «midt i blinken» å bu og leve i Vestnes med rikt kulturliv og gode tenester som er treffsikre i kvalitet og innhald.
- Vestnes kommune er «midt i blinken» for alle som er glade i natur og friluftsliv. Kommunen legg til rette for eit aktivt friluftsliv med lett tilgjengelege naturområde.
- Vestnes kommune er «midt i blinken» som arbeidsgjevar og er ein serviceinnstilt, løysningsorientert og imøtekomande kommune.

### Satsingsområde og mål

Vestnes kommune har valt fire satsingsområde og definert eit hovudmål innanfor kvart satsingsområde. For å arbeide for å nå visjonen og alle hovudmåla har Vestnes kommune definert eit hovudmål for kommunen som organisasjon.

**Gode kvardagsliv:** Vi har eit inkluderande lokalsamfunn som fremmer trivsel, meistring og god folkehelse i alle fasar i livet.

**Verdiskaping og attraktivitet:** Vi har eit variert og konkurransedyktig næringsliv og kulturliv som fremmer bulyst og arbeidsdeltaking for alle grupper av befolkninga.

**Klima, miljø og beredskap:** Vi sikrar trygge lokalsamfunn og eit robust livsgrunnlag ved å ta vare på naturen og dei ressursane og tenestene den gir oss.

**Enklare å få seg ein god bustad:** Vestnes kommune skal føre ein framtidsretta bustadpolitikk der vi brukar dei flottaste areala vi har til bustader og samarbeidar med utbyggjarar for å bygge til ein overkommeleg pris

**Kommunen som organisasjon:** Vestnes kommune er ein inkluderande og nyskapinge organisasjon med målretta styring.

**Kommentert [A1]:** Flyttes. Se s.18, 19 og 20. Har endret hovudmål 2, delmål 3 og lagt til en strategi til delmål 3 i tråd med dine innspill.



Foto: Zbigniew «Ziggi» Wantuch





Foto: Eline Karlsdatter Fladseth

## Gode kvardagsliv

I Vestnes har vi eit levande kulturliv med eit mangfald av lag og organisasjonar. Kulturaktørar frå kommunen vår gjer seg bemerkta nasjonalt, og vi har det mest besøkte biblioteket i fylket. Dei kommunale kulturinstitusjonane, som frivilligsentral, kulturskule, bibliotek og ungdomsklubb, har lange tradisjonar for å samarbeide med ideelle lag og organisasjonar for å skape gode tilbod for innbygarane.

Kultur bind oss saman og gir oss identitet og er ei kjelde til kreativitet, fellesskap og livsglede. Gjennom heile livet har vi behov for å kjenne oss inkludert og å oppleve meistring. Forsking viser at deltaking i kunst- og kulturaktivitetar kan bidra til auka livskvalitet og forbetre mental helse og velvære.

Frivilligheita har ei viktig oppgåve i samfunnet samstundes som den bidreg til inkludering og trivsel. Dette fordi frivillig engasjement handlar om at vi gjer noko aktivt og meningsfylt saman og at dette i seg sjølv gir god folkehelse. Likevel kan vi oppleve at det er utfordrande å rekruttere stabile ressurspersonar til frivilligheita.



Foto: Zbigniew «Ziggi» Wantuch

Vestnes kommune har gode føresetnader for eit godt oppvekstmiljø med nærleik til naturen, gode fritidstilbod og eit trygt lokalmiljø. Likevel slit vi, som andre kommunar, med ein del utfordringar blant barn og unge. Dette gjeld spesielt psykiske helseutfordringar, låg trivsel, dårlege skuleresultat og høgt fråfall i vidaregåande skule. I tillegg viser statistikken at mange unge vaksne verken er i skule eller i arbeid. Desse utfordringane krev at vi arbeider med førebygging, meistring og trivsel.

I dag manglar vi helsepersonell, og denne utfordringa vil bli forsterka framover. Vi lever lenger, samstundes som det blir færre i yrkesaktiv alder til å ta hand om pleietrengande. Utviklinga dreg opp utgiftene til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Dette krev mellom anna at vi arbeider med førebygging, og at vi utviklar effektive og gode tenester.

Innspela til kommuneplanen viser at uformelle møteplassar og arenaer for leik, aktivitet og friluftsliv er svært viktig for innbyggjarane. Dette er stader som bidreg til auka fysisk aktivitet, kontakt mellom folk og meistringsopplevingar uavhengig av sosial tilhørsele og alder. I innspela blir det også peika på at samarbeid er viktig for fellesskap og eit inkluderande lokalsamfunn der born får ein god oppvekst og vaksne trivst. Deltaking i kulturelle aktivitetar bør bli ei reell moglegheit for heile befolkninga, uavhengig av sosioøkonomiske levekår.



Hovudmål 1: Vi har eit inkluderande lokalsamfunn som fremmer trivsel, meistring og god folkehelse i alle fasar i livet.



Foto: Zbigniew «Ziggi» Wantuch



Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes kommune skal i samarbeid med innbyggjarane tilby tenester der førebygging og eigenmeistring er vektlagt.</b>	Vi skal sørge for tydeleg kommunikasjon av kommunen sitt tilbod og avstemme innbyggjarane sine forventningar til tenestene.
	Vi skal legge til rette for at innbyggjarane tek ei aktiv rolle i eige liv for å førebygge einsemd, utrygghet og behov for tenester.
	Vi skal fremme god fysisk og psykisk helse gjennom å prioritere førebyggjande arbeid og tidleg innsats.
	Vi skal sørge for eit inkluderande samfunn gjennom aktivitet og arbeid.
	Vi skal legge til rette for at innbyggjarane kan bu i eigen heim så lenge som mogleg.
	Vi skal arbeide for å få med eksterne samarbeidspartnarar for å løyse framtidig ressursmangel.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>I Vestnes har vi eit trygt og inkluderande bu- og oppvekstmiljø som fremmer trivsel, læring og meistring.</b>	Vi skal styrke og vidareutvikle tverrfagleg samarbeid knytt til laga rundt barna og forebygge omsorgsvikt og åtferdsproblem gjennom tidleg innsats i barnehage og skule.
	Vi skal gi tilpassa opplæring til alle elevar ut frå deira føresetnader og individuelt tilpassa opplæring for dei som har særskilt behov for det.
	Vi skal legge til rette for eit inkluderande barnehage- og skulemiljø som skaper trivsel og trygge miljø, og som hindrar mobbing og utanforskap.
	Vi skal involvere barn, unge, lag og organisasjonar i utviklinga av oppvekstmiljøet.
	Vi skal legge til rette for godt samarbeid med barn, elevar og føresette i skular og barnehagar.
	Vi skal jobbe for at ungdom i Vestnes kjem ut av grunnskulen med minst like gode resultat som landsgjennomsnittet.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>I Vestnes har vi eit blomstrande kulturliv og eit mangfald av lag og organisasjonar som fremmer deltaking og aktivitet.</b>	Vi legg til rette for universelt utforma grøntområde og eit nettverk av turstiar som fremmer trivsel, aktivitet og folkehelse.
	Vi støttar opp om møteplassar og arrangement som fremmer deltaking, opplevingar og samhald for alle grupper av befolkninga.
	Vi gir alle innbyggjarar moglegheit til å delta i kulturaktivitetar og å oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.
	Vi skal aktivt invitere innbyggjarar inn i lag og organisasjonar for å styrke frivilligheita, og for å motverke einsemd og utanforskap.



Foto: Zbigniew «Ziggi» Wantuch

## Verdiskaping og attraktivitet

Vestnes kommune har i dag aktive bygder der det blir skapt store verdier gjennom næringsaktivitet innan skipsbygging, mekaniske verkstad, landbruk og havbruk. I bygdene har vi eit aktivt kultur- og idrettstilbod basert på frivillig arbeid med mange eldsjeler. Vestnes har over ein lengre periode arbeidd målretta med tettstadsutvikling i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette har gitt oss eit kompakt og attraktivt sentrum med vekst i handel- og servicenæringa. Vidare arbeid med tettstadsutvikling vil styrke kommunen sin attraktivitet.


Vestnes kommune utmerkar seg ved å ha mange arbeidsplassar innan sekundærnæringar. Skipsindustri og relaterte verksemder er den store berebjelken for sysselsettinga. Det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft i alle bransjar. Det er forventa at denne utfordringa vil auke.

I Vestnes har vi ein relativt høg del av unge vaksne som verken er i arbeid eller under utdanning. Vi treng all arbeidskraft vi kan få i framtida. Det er derfor viktig at kommune, stat, og næringsliv samarbeider om å få så mange som mogleg ut i arbeidslivet.

Vår plassering i fylket gjer at kommunen kan tilby eit rikt tenestetilbod og ein variert arbeidsmarknad med ei reisetid innanfor 60 minutt. Plasseringa gjer det også mogleg å rekruttere arbeidskraft frå andre kommunar og gjere oss attraktive for ny næringsverksemd. Dette fortrinnet må vi utnytte.

I innspel frå innbyggjarar går det tydeleg fram at det er ønske om at det blir etablert uformelle møteplassar der folk kan treffast. Mange peikar på at eit sentrum med eit breitt tilbod av varer og tenester er viktig for busetting og attraktivitet i heile kommunen.

For å sikre busetting er det viktig at ein stadig skapar nye og varierte arbeidsplassar. Vestnes kommune må arbeide for å få eit omdømme som kan trekke til seg både arbeidskraft og busetting. Vi må synleggjere kva Vestnes kan tilby av arbeidsplassar og fritidsaktivitetar. God infrastruktur og styrka kommunikasjon i regionen er viktig for busetting og næringsliv. Vestnes må få eit renommé som ein kommune med aktivt og inkluderande kultur-, idretts- og friluftsliv, samhald og fellesskap.



Figur 5 Pendling inn og ut av Vestnes kommune per 4.kvartal 2023. Bilete visar at dei største straumane går ut av kommunen til byane Ålesund og Molde. Illustrasjon: MRFylke



Hovudmål 2: Vi har eit variert og konkurransedyktig næringsliv og kulturliv og ein framtidsretta bustadpolitikk som fremmer bulyst og arbeidsdeltaking for alle grupper av befolkninga.



Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes kommune har eit sterkt og attraktivt sentrum og livskraftige bygder.</b>	Vi skal utvikle Vestnes sentrum for å gi innbyggerane eit variert handel -og sørvistilbod, attraktive møteplassar og eit variert kulturtilbod.
	Vi skal utvikle livskraftige bygder med fokus på kultur, identitet, og særpreg.
	Vi skal samarbeide på tvers av bygder, lag og organisasjonar for å legge til rette for eit variert kultur-, idretts- og fritidstilbod.
	Vi skal planlegge bumiljø med brei alderssamansetning og som inkludere vanskelegstilte i bustadmarknaden.
	Vi skal vektlegge kvalitet og god arkitektur i stadutviklinga.

formaterte: Skrift: 3 pkt

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes har attraktive arbeidsplassar og høg arbeidsdeltaking.</b>	Vi skal arbeide for eit inkluderande arbeidsliv og tilrettelagte arbeidsplassar.
	Vi skal sørge for at ungdom er kjent med arbeidsmarknaden i Vestnes og omkringliggende kommunar.
	Vi skal ha ein praktisk retta skule og samarbeid med næringslivet og offentleg sektor for å rekruttere til arbeidslivet.
	Vi skal støtte opp om eksisterande næringsliv, nyetablering og gründerverksemd gjennom samarbeid og tilrettelegging.
	Vi skal arbeide for at den maritime kulturarven gir grunnlag for vekst, utvikling og identitet.

formaterte: Skriftfarge: Automatisk

formaterte: Skrift: 2 pkt

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes er ein attraktiv kommune for oss som bur her, innflyttarar, næringsliv og tilreisande.</b>	Vi skal arbeide for at Vestnes har eit godt utbygd og vedlikehalde vegnett og framtidsetta dele- og fleksiløysingar for transport.
	Vi skal legge til rette for at innbyggerar og tilreisande kan gjere seg nytte av vår unike tilgang til fjord og fjell.
	Vi skal samarbeide med innbyggerar, lag og organisasjonar om å utvikle eit breitt tilbod av kultur- og fritidsaktivitetar.
	Vi skal arbeide for eit godt barnehage- og skuletilbod og ny felles ungdomsskule.
	Vi skal sørge for at vi har tilgjengelege og attraktive bustadtomter og næringsareal.



	<p>Vi skal nytte dei flottaste areala vi har til bustader og samarbeidar med utbyggjarar for å byggje til ein overkommeleg pris.</p>
--	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Formatert tabell



## Klima, miljø og beredskap

FN definerer to miljømessige, globale hovudutfordringar: klimaendringar og tap av naturmangfald. I tillegg er den geopolitiske situasjonen meir usikker og utrygg enn på lenge. Dette er komplekse problemstillingar som krev både lokal og global innsats.

Endringar i arealbruk trugar naturmangfaldet. Tap av naturmangfald påverkar økosystema og reduserer naturen si evne til å utføre viktige oppgåver som til dømes opptak og lagring av karbon, handtering av overvatn, klimaregulering og reinsing av luft og vatn. Det er kommunane som har hovudansvaret for arealbruken i Noreg, og slik har vi ei nøkkelrolle i arbeidet for å hindre tap av naturmangfald. Gjennom gode val no kan vi sikre at framtidige generasjonar kan nyte og nytte naturen og leve godt i Vestnes også i framtida.

Framover vil vi oppleve meir ekstremvær, auka havnivå og endra nedbørsmønster. Det aukar risikoen for ras, flaum og erosjon. Tiltak for klimatilpassing blir viktige for å beskytte både menneske og infrastruktur.

Samtidig som vi må tilpasse oss endringane som kjem, må vi óg redusere klimagassutslepp for å bremse den vidare utviklinga. Alle delar av samfunnet må bidra til å redusere den samla ressursbruken. Samarbeid, teknologi og innovasjon kan bidra til at vi kan få meir ut av mindre både når det gjeld materialar, energi og areal.

Klimaendringar, krig og terror krev at vi har fokus på beredskap. Straumstans og stopp i vassforsyning kan ha store konsekvensar, men også større dataangrep kan vere lammande for eit samfunn. I ein rask digital omstilling har vi ikkje no fullt ut oversikt over konsekvensane fiendtleg bruk av til dømes kunstig intelligens kan føre til framover. Vi må ha gode planar for korleis vi skal handtere ulike hendingar når dei inntreffer. I tillegg må vi vere førebudd på å ta imot nye innbyggjarar, då både krigar og effektane av klimaendringane vil føre til store migrasjonsstraumar i verda.

Innspela til kommuneplanen viser at det er stor sémje blant innbyggjarane i kommunen om at naturen er ein av kommunen sine største styrkar. Vi vil bevare nærleiken til sjø og fjell og ta vare på naturmangfaldet. Innbyggjarane er også opptekne av å redusere klimagassutslepp gjennom redusert ressursbruk og sirkulær økonomi, men dei etterspør meir kunnskap om korleis dei best kan bidra. Auka lokal matproduksjon og styrking av økologisk landbruk blir sett på som viktig for beredskapen. Innbyggjarane vil verne om matjorda og ønsker løysingar som stimulerer til sjølvdyrking og småskalaproduksjon.



Hovudmål 3: Vi sikrar trygge lokalsamfunn og eit robust livsgrunnlag ved å ta vare på naturen og dei ressursane og tenestene den gir oss.




Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Klimagassutsleppa i Vestnes kommune skal innan 2030 vere redusert med 60% i høve referanseåret 2009.*</b>	Vi nyttar klimabudsjett som eit aktivt verktøy for å identifisere og gjennomføre konkrete tiltak for å redusere klimagassutsleppa.
	Vi gjer det enkelt og trygt å velje sykkel, gange og kollektivtransport.
	Vi skal auke bevisstheita blant innbyggjarane om konsekvensane av klimaendringar og naturtap, og vi motiverer til samarbeid om gode val.
	Kommunen skal nytte si innkjøpsmakt til å fremme klimavenlege løysingar og redusere skadeleg miljøpåverking.
	Kommunen skal bruke juridiske verkemiddel i planlegginga for å fremme klimavenlege løysingar.

\* Før 2009 har ikkje datagrunnlaget tilstrekkeleg kvalitet på kommunenivå. Grunna dette, er det anbefalt at ein set 2009, eller seinare, som referanseår for kommunale utstøppsreduksjonsmål.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vi forvaltar våre ressursar på ein berekraftig måte.</b>	Vi vernar om viktige naturtypar og stansar tap av biologisk mangfald.
	Vi planlegg for kompakt arealbruk og vernar samanhengande naturområde.
	Vi stimulerer til opprydding på land og i vatn og gjer tiltak for å hindre forureining og forsøpling.
	Vi sikrar langsiktig forvaltning av jord-, og skogressursar gjennom strengt jordvern og aktiv jord- og skogbrukspleie.
	Vi sikrar ein framtidsetta bruk av marine ressursar.
	Vi skal ta vare på kommunale bygg og anlegg og sørge for at vi vel innovative, fornybare og energieffektive løysingar ved nybygg og rehabiliteringar.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vi har fokus på samfunnssikkerheit og beredskap for å hindre kjente og til no ukjente samfunnstruslar.</b>	Vi har planverk for beredskap og risikohandtering basert på oppdatert kunnskap.
	Vi arbeider førebuande med klimatilpassing og samfunnssikkerheit for å førebygge konsekvensane av flaum, skred, ras og andre hendingar.
	Vi er bevisst risiko og farar knytt til informasjonstryggleik og personvern, og kommunen har oppdaterte strategiar for opplæring og bruk av IKT.
	Kommunen skal vere ein pådrivar for å koordinere og styrke samarbeidet mellom dei private vassverka.
	Vi samarbeider tett med offentlege og frivillige beredskapsaktørar om lokal beredskap.





Hovudmål 4: Vestnes kommune er ein inkluderande og nyskapande organisasjon med målretta styring.



## Kommunen som organisasjon

Kommunen er ein politisk organisasjonsom skal løyse eit breitt spekter av oppgåver innanfor ulike fag og ansvarsområde. Kommunen har ansvar for viktige velferdstenester for våre innbyggjarar og skal vere ein demokratisk arena for myndigheitsutøving og samfunnsutvikling. Desse oppgåvene må utviklast i takt med endringar i lokalsamfunnet. Det krev at dei tilsette og organisasjonen har evne til å ta til seg ny kunnskap og nye metodar for oppgåveløysing og tenesteutvikling.

I åra som kjem vil hovudutfordringa vere å skaffe tilstrekkeleg arbeidskraft og rett kompetanse. Kommunen må derfor ta del i utviklinga av ny teknologi som kan hjelpe oss å løyse oppgåver på ein betre og meir effektiv måte. Vestnes kommune skal ha eit godt arbeidsmiljø og skape eit omdømme som ein attraktiv arbeidsgivar der tilsette har moglegheit til å utvikle og utfordre seg.

Kommunen har over tid hatt ein stram økonomisk situasjon. Vi må jobbe for å få ein økonomi som gir oss handlingsrom til å utvikle Vestnes-samfunnet og tilby gode tenester til innbyggjarane våre.

Dei tilsette har gitt konstruktive innspel til korleis kommunen som organisasjon må utvikle seg framover. I det daglege arbeidet ønsker dei tilsette at verdiane **inkluderande** og **nyskapande** skal legge føringar på korleis vi løyser våre oppgåver. I arbeidet med å løyse komplekse oppgåver må vi bli eit lag der vi heile tida utviklar oss saman. Vi må nytte ressursane til dei tilsette og løyse oppgåver i fellesskap. Vi må arbeide for at vi får ein **“vi-kultur”** med engasjement og stoltheit. Den digitale transformasjonen krev at vi stadig fornyar oss og har evne til å ta til oss ny kunnskap. Vi må våge å tenke nytt for å løyse utfordringane som kjem.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes kommune har eit omdømme som ein open og inkluderande organisasjon. "Vi er Vestnes kommune"</b>	Vi legg til rette for inkluderande arbeidsliv og likestilling og tilbyr lærling- og praksisplassar.
	Vi inkluderer tilsette i prosessar og samarbeider nært med vernetenesta og tillitsvalte.
	Vi arbeider målretta for å sikre nærvær, fremme trivsel og arbeidsstoltheit.
	Vi arbeider for å fremme politisk forankring, informasjonsflyt, heilskapleg tenking og kunnskapsdeling.
	Vi samskaper på tvers av organisasjonen, frivilligheita, næringsliv og andre eksterne samarbeidspartar.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes er ein nyskapande organisasjon som sikrar framtidretta tenester av høy kvalitet.</b>	Vi skal fremme ein kunnskapsbasert og nytenkande tilnærming til korleis vi utfører dei kommunale tenestene.
	Vi arbeider for å rekruttere og behalde kompetente tilsette.
	Vi sikrar felles forståing og forplikting av korleis ei heilskapleg, synleg og strategisk leiing utøvast.
	Vi vil sikre kompetanseutvikling og nytte kompetansen til dei tilsette slik at ressursane blir nytta optimalt.

Slik vil vi ha det:	Slik gjer vi det:
<b>Vestnes kommune har ein berekraftig økonomi som sikrar eit godt tenestetilbod, der vi har moglegheit for å investere for framtida.</b>	Det er ei direkte kopling mellom samfunnsdelen og økonomiplanen, og samfunnsdelen blir lagt til grunn for planlegging i dei ulike kommunalområda.
	Vi skal utvikle eit berekraftig tenestetilbod for å ivareta eit økonomisk handlingsrom.
	Vi sikrar berekraftig økonomisk utvikling og handlingsrom gjennom god økonomisk planlegging og styring.
	Vi arbeider for at alle leiarar skal ha naudsynt kompetanse for å sikre god økonomistyring.

## Langsiktig arealstrategi

Arealstrategien tek utgangspunkt i mål og strategiar frå samfunnsdelen og er kommunens overordna prinsipp for framtidig arealutvikling. Strategien skal sørge for at kommunens arealbruk er i tråd med nasjonale og regionale føringar og gi kommunen betre politisk styring over arealbruken. Strategien bidreg til å gjere arbeidet med arealdelen meir føreseieleg.

### Kommuneplanens samfunns mål:

- Vi har eit inkluderande lokalsamfunn som fremmer trivsel, meistring og god folkehelse i alle fasar i livet.
- Vi har eit variert og konkurransedyktig næringsliv og kulturliv som fremmer bulyst og arbeidsdeltaking for alle grupper av befolkninga.
- Vi sikrar trygge lokalsamfunn og eit robust livsgrunnlag ved å ta vare på naturen og dei ressursane og tenestene den gir oss.

### Nasjonale føringar:

- [FNs berekraftsmål \(FN.no\)](#)
- [FNs naturavtale \(FN.no\)](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 \(regjeringen.no\)](#)
- [Nasjonal jordvernstrategi \(regjeringen.no\)](#)
- [Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold – Meld. St.35\(2023-2024\) \(regjeringen.no\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet \(lovdata.no\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima og energi \(lovdata.no\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen \(regjeringen.no\)](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging \(lovdata.no\)](#)

### Regionale føringar


- [Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026 \(mrfylke.no\)](#)
- [Fylkesstrategi for klima miljø og energi 2023-2026 \(mr.fylke.no\)](#)
- [Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025 -2028 \(mrfylke.no\)](#)

### Overordna prinsipp for arealplanlegging i Vestnes kommune

1. Revurdere utbyggingsreserve avsett i gjeldande kommuneplan og eldre reguleringsplanar som ikkje lenger er i tråd med nasjonal arealpolitikk, regionale føringar eller ønska utvikling av areal og samfunn.
2. Ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter i alle bygdesentra, men prioritere transformasjon og fortetting.
3. Prioritere varierte, trygge og aldersvenlege bumiljø med gode løysingar for kollektivtransport, gange og sykkel.
4. Sikre alle bustadområde tilgang til natur- og friluftsområde og arbeide for å binde saman eit nett av turveggar i kommunen.
5. Stille krav til variasjon i bustadtypar og storleikar ved større utbyggingar.

6. Sikre kulturminne og kulturmiljø for å ta vare på stadskvalitet, identitet og særpreg.
7. Sikre etablering av møteplassar i samband med større utbyggingsprosjekt og publikumsbygg.
8. Vestnes sentrum er prioritert handelssentrum, kollektivknutepunkt og sosial møteplass. Planlegging skal legge til rette for ein kombinasjon av arbeidsplassar, bustader, servicetilbod og handel i sentrumskjernen.
9. Ivareta og vidareutvikle etablerte næringsområde.
10. Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport.
11. Sikre kommunal infrastruktur og legge til rette for utvikling av gode kommunikasjonsmoglegheiter til byane.
12. Sikre parkering ved viktige kollektivknutepunkt.
13. Sikre areal til berekraftig utvikling av landbruk, skogbruk og havbruk.
14. Verne om areal som er viktige for friluftsliv og naturmangfald, samt karbonrike areal, slik at kvalitet og evne til karbonlagring, klimatilpassing og andre økosystemtenester oppretthaldast.
15. Sikre at spreidd busetnad ikkje punkterer samanhengande grøntområde, landbruksområde eller blågrøne korridorar.
16. Sikre areal til blågrøne strukturar i utviklinga av nye og eksisterande bumiljø for å motverke flaum og skadar knytt til overvatn.

#### Prinsippkart



Figur 6 Prinsippskisse for vekst og vern i Vestnes kommune.





Foto: Zbigniew «Ziggi» Wantuch

Brugata 10 | 6390 VESTNES  
Telefon: 71 18 40 00  
E-post: [servicekontoret@vestnes.kommune.no](mailto:servicekontoret@vestnes.kommune.no)

Org.nr 939 901 965 | Kommunenummer 1535

Forsidebilde: Zbigniew «Ziggi» Wantuch



Vestnes  
kommune